



**POLITIET**

**Vest politidistrikt**

# **Omtale av resultat 2022**

# Innhald

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>3</b>
<b>2. Overordna situasjonsskildring</b> .....	<b>4</b>
<b>3. Kriminalitetsutviklinga</b> .....	<b>6</b>
3.1. Økonomisk kriminalitet.....	6
3.2. Vinningskriminalitet .....	6
3.3. Valds-kriminalitet.....	6
3.4. Seksuallovbrot .....	8
3.5. Narkotikakriminalitet.....	8
3.6. Miljøkriminalitet.....	9
<b>4. Politiet si straffesakshandsaming</b> .....	<b>10</b>
4.1. Talet på påtaleavgjerder .....	10
4.2. Oppklaringsprosent .....	10
4.3. Sakshandsamingstid .....	10
4.4. Restansar .....	10
<b>5. Operativ innsats</b> .....	<b>11</b>
5.1. Responstid.....	11
5.2. Aksesstid .....	11
5.3. Operasjonssentralen/Lokal redningsentral (LRS) .....	11
5.4. Væpna oppdrag .....	11
5.5. Redningsoppdrag .....	11
5.6. Politibåten .....	12
5.7. Psykiatrioppdrag.....	12
<b>6. Forvaltning</b> .....	<b>13</b>
6.1. Pass og førarkort .....	13
6.2. Utlendingsforvaltning .....	13
<b>7. Sivil rettspleie</b> .....	<b>14</b>
<b>8. Trafikk</b> .....	<b>15</b>
<b>9. Politiets nettpatrolje Vest</b> .....	<b>16</b>

# 1. Innleiing

Rapporten presenterer resultatata for Vest politidistrikt i 2022.

Første del av rapporten gir ei oversikt over hovudfunn i meldt kriminalitet, ein såkalla overordna situasjonsskildring (kapittel 2). Her vil vi trekke fram dei mest sentrale trendane i tala frå 2022.

Andre del av rapporten gir ei meir detaljert oversikt over tal og utvikling innan meldt kriminalitet, straffesakshandsaminga, operativ innsats, samt forvaltning, sivil rettspleie og trafikk (kapittel 3-8). I andre del av rapporten finn ein difor alle detaljane kring det som vert omtalt i kapittel 2. Ved spørsmål knytt til dei einskilde tala kan definerte kontaktpersonar for kvart enkelt tema kontaktast.


Talmaterialet på kriminalitetsutviklinga og straffesakshandsaminga er basert på politiet sitt straffesakssystem STRASAK. Statistikken må reknast som ein intern driftsstatistikk for politiet og bør ikkje lesast som den offisielle kriminalstatistikken, som blir gitt ut av Statistisk sentralbyrå (SSB). Rapporten presenterer den kjende kriminaliteten, det vil seie den kriminaliteten som blir meld til politiet.

Bergen, 8. februar 2023

Avsnitt for strategisk etterretning  
Seksjon for etterretning  
FEE, Vest politidistrikt

## 2. Overordna situasjonsskildring

I 2022 har det vore ein liten auke i melde lovbrøt samanlikna med 2021. I 2022 blei det meldt<sup>1</sup> 27 895 lovbrøt, ein auke på 8,7 % samanlikna med 2021. I "Pandemi-åra" 2020 og 2021 var det ein tydeleg nedgang i melde lovbrøt samanlikna med åra før. I 2022 gjekk samfunnet etter kvart meir tilbake til normalsituasjon, noko som også har påverka talet på melde lovbrøt. Talet er aukande, men er enno ikkje på nivå med 2019.



Figur 1: Utviklinga for melde lovbrøt 2018 - 2022

Kjelde: JUS066

Det er ein auke i talet på saker innan dei fleste kriminalitetstypane samanlikna med 2021. Unntaka er saker som gjeld **narkotika, trafikk, seksuallovbrøt** og **undersøkingssakar**.

**Vinningslovbrøt** utgjer den største delen av den melde kriminaliteten i politidistriktet. Utviklinga påverkar difor totaltala i relativt stor grad. Det vart i 2022 meldt 8701 vinnings saker mot 7302 saker i 2021, ein auke på 19 prosent. Tala for vinningslovbrøt har vore unormalt låge i 2020-2021. Pandemien har mellom anna ført til at folk har vore meir heime og dermed i større grad har kunne passe på hus, heim og sine verdiar. Gjenopninga av samfunnet med auka mobilitet i samfunnet generelt og over landegrensene kan vere ein forklaring på aukande tal igjen. Tala er likevel lågare samanlikna med 2019. Vi har dei siste åra registrert ein nedgang i den **tradisjonelle vinningskriminaliteten**. Sidan 2018 har det vore ein reduksjon på 7 prosent. Vi antar at nokon av utøvarane av den tradisjonelle vinningskriminaliteten har flytta sin verksemd over på internett kor dei utførar **nettrelaterte** vinningslovbrøt. Ofte blir desse lovbrøta koda som økonomisk kriminalitet.

Talet på saker som gjeld **økonomisk kriminalitet** har nemleg hatt ein betydeleg auke frå 2021 til 2022. Auken er på 35 prosent, og det er også ein auke samanlikna med siste "normalår", 2019. Det er talet på saker som gjeld **bedrageri**<sup>2</sup> som har medverka til den auken, heile 44 prosent. Mange saker gjeld bedrageri ved kjøp/sal via internett. I følge politiet sine innbyggjarundersøkingar dei siste åra, er digital kriminalitet det nordmenn er mest uroa for å bli utsett for. Vi reknar med at mange saker ikkje blir meldt til politiet og

<sup>1</sup> Saker meldt til politiet eller som politiet har oppretta sjølve

<sup>2</sup> Gjeld også forsøk på bedrageri

vi visar derfor til gode råd både til dei som har vore utsett for svindel og kva du må gjere for å sikre deg mot dette på <https://www.politiet.no/rad/id-tyveri-og-svindel/>

Samanlikna med 2021 er det i 2022 meldt ca. 2 prosent færre saker som gjeld **seksuallovbrot**. Talet på saker er likevel høgt samanlikna med utviklinga dei siste fem åra. Det er også meldt færre saker som gjeld **seksuallovbrot mot barn**. I 2022 ble det meldt 329 saker mot 365 i 2021. Talet på melde **valdtekter** der vaksne er fornærma er tilnærma lik i 2022 som i 2021. I 2022 vart det registrert 201 valdtektssaker<sup>3</sup> mot 199 i 2021.

Talet på melde **valdssaker** har hatt ein auke i 2022 samanlikna med 2020-2021, men er enno ikkje på nivå med 2019. Det har vore ein nedgang i talet på vald, truslar, forulemping og hindring av offentlege tenestemenn. Det har vore ein auke i meldte **kroppskrenkingar** og **kroppsskadar**. I 2022 vart det meldt 1284 slike saker mot 1152 i 2021. Tala i 2022 har variert frå månad til månad, med ein viss tendens til auke i sommarhalvåret og etter september. Gjenopninga av samfunnet etter pandemien med eit påføljande meir ope uteliv kan ha ein medverkande årsak. Mange av desse lovbrota skjer i samband med at folk ferdast på byen, ofte med høg promille.

Talet på meldte saker som gjeld **vald i nære relasjonar** har sidan 2018 hatt ein nedgang. I 2018 blei det meldt 344 saker, i 2021 225 saker, medan det i 2022 også vart registrert 225 saker.

Det vart registrert tre **drap** og fire **forsøk på drap** i 2022. I 2021 var tala fire drap og to forsøk på drap.

Vest politidistrikt har dei siste åra meldt om ein betydeleg auke i oppdrag knytt til **psykisk sjuke personar**. Oppgangen i denne typen oppdrag held fram i 2022. Oppdraga er ofte i samband med bistand til helsevesenet, men også der politiet må gripe inn overfor psykisk sjuke personar som har ein utagerande og valdeleg framferd i det offentlege rom. Fleire av personane er gjengangarar og kjend for grov valdskriminalitet. Ved starten av femårsperioden som er omhandla i denne rapporten (2018) vart det i politiet sine operative system registrert 2293 oppdrag knytt til psykiatri i Vest politidistrikt. Talet for 2022 var 4068, ein auke på 77 prosent.

Auken i saker som gjeld **miljølovbrot** er på nær 12 prosent frå 2021 til 2022. Det har dei siste fem åra vore ein auke på 100 prosent i denne typen saker. I 2022 blei det meldt 444. Talet på saker i 2018 var 222. Ein auka innsats frå Kystvakt og Fiskeridirektoratet mot ulovlege fiskereiskap i sjø har vore ein medverkande årsak til auken i miljølovbrot generelt dei siste par åra.

I perioden 2018 – 2022 har det vore ein betydeleg nedgang i talet på **narkotikalovbrot**. I 2022 vart det registrert 1547 saker mot 1748 saker i 2021. I 2022 vart det registrert 53 prosent færre saker enn i 2018. Talet på denne typen saker er i stor grad knytt til politiet sin prioritering innanfor dette kriminalitetsområdet.

---

<sup>3</sup> Gjeld også forsøk på valdtekt

## 3. Kriminalitetsutviklinga

### 3.1. Økonomisk kriminalitet

Kriminalitetstype	2018	2019	2020	2021	2022
ØKONOMI	2237	2376	1926	1904	2575

Tabell 1: Tal på melde økonomilovbrot 2018-2022  
Kjelde: JUS066

	2018	2019	2020	2021	2022
Bedrageri	1740	1876	1520	1556	2250

Tabell 2: Tal på melde bedrageri 2018-2022  
Kjelde: PAL for STRASAK, reg.dato, gj.distr.

### 3.2. Vinningskriminalitet

Kriminalitetstype	2018	2019	2020	2021	2022
VINNING	9382	9800	7811	7302	8701

Tabell 3: Tal på melde vinningslovbrot 2018-2022  
Kjelde: JUS066

### 3.3. Valds kriminalitet

Kriminalitetstype	2018	2019	2020	2021	2022
VALD	2958	3104	2655	2614	2781

Tabell 4: Tal på melde valdslovbrot 2018-2022  
Kjelde: JUS066

#### Liv, lekam og helse

	2018	2019	2020	2021	2022
Kroppskrenking	1172	1251	1036	1024	1109
Kroppsskade	182	213	193	128	175

Tabell 5: Tal på melde kroppskrenkingar og kroppsskader 2018-2022  
Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Lovbrot mot personleg fridom

	2018	2019	2020	2021	2022
Truslar	575	599	533	532	564
Grove truslar	92	105	115	115	110

**Tabell 6: Tal på melde truslar og grove truslar 2018-2022**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

	2018	2019	2020	2021	2022
Menneskehandel, prostitusjon	3	1	2	6	1
Menneskehandel, tvangsarbeid	0	2	1	0	1

**Tabell 7: Tal på melde menneskehandelsaker 2018-2022**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Lovbrot utført mot offentleg myndigheit<sup>4</sup>

	2018	2019	2020	2021	2022
Vald, truslar, forulemping og hindr. av off. tenesteperson	459	526	422	435	362

**Tabell 8: Tal på melde saker truslar, forulemping, hindring og vald mot off. tenesteperson-  
politi og anna tenesteperson 2018-2022**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Vald i nære relasjonar

	2018	2019	2020	2021	2022
Vald i nære relasjonar	344	284	285	225	225

**Tabell 9: Tal på melde saker mishandling i nære relasjonar 2018-2022**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Drap

	2018	2019	2020	2021	2022
1757 Drap	2	7	5	4	3
1758 Drap, forsøk	1	2	4	2	4

**Tabell 10: Tal på melde saker drap og forsøk på drap 2018-2022**

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

<sup>4</sup> På grunn av ein funksjonalitetsfeil i politiet sine straffesakssystem i perioden 1. juli 2020 til 7. desember 2021 er talgrunnlaget for vald og truslar mot offentleg tenesteperson hefta med feilkodingar, som gjer at tal for vald mot politi ikkje kan bli gitt ut isolert. Feilen vart retta opp i desember 2021. Statistikk over meldte saker etter strl. § 155 som inkluderer perioden 2020-2021 må derfor presenterast samla, det vil seie utan spesifiserte fordelingar på vald/truslar mot politi/anna offentleg tenesteperson.

## Hatkriminalitet<sup>5</sup>

	2018	2019	2020	2021	2022
Hatkriminalitet <sup>6</sup>	43	78	65	55	60

Tabell 11: Tal på melde saker, hatkriminalitet 2018-2022

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## 3.4. Seksuallovbrot

Kriminalitetstype	2018	2019	2020	2021	2022
SEDSKAP	881	748	745	937	920

Tabell 12: Tal på melde seksuallovbrot 2018-2022

Kjelde: JUS066

## Valdtekt

	2018	2019	2020	2021	2022
Valdtekt <sup>7</sup>	171	152	174	199	201

Tabell 13: Tal på melde valdtektssaker 2018-2022

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

## Seksuelle overgrep mot barn

	2018	2019	2020	2021	2022
Seksuelle overgrep mot barn	332	274	288	365	329

Tabell 14: Tal på saker som gjeld seksuelle overgrep mot barn 2018-2022

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr

## 3.5. Narkotikakriminalitet

Kriminalitetstype	2018	2019	2020	2021	2022
NARKOTIKA	3286	2583	2381	1748	1547

Tabell 15: Tal på melde narkotikalovbrot 2018-2022

Kjelde: JUS066

<sup>5</sup> Hatkriminalitet er straffbare handlingar motivert av hat eller negative haldningar retta mot ein person eller ei gruppe på grunn av etnisitet, religion, livssyn, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk eller nedsette funksjonsevner.

<sup>6</sup> Statistikkgruppene 606,608, 3412, 658, 659, 660,661, 662, 663, 664 og 665 (tilsvarande strl §185 og 186) og sakskategori Rase/etnisk tilhøring, Religion, Seksuell legning, Nedsett funksjonsevne, Antisemittisme

<sup>7</sup> Også forsøk



### 3.6. Miljøkriminalitet

	2018	2019	2020	2021	2022
MILJØ	222	273	370	398	444

Tabell 16: Tal på melde miljølovbrot 2018-2022  
Kjelde: JUS066

## 4. Politiet si straffesakshandsaming

### 4.1. Talet på påtaleavgjerder

	2018	2019	2020	2021	2022
Påtaleavgjorde lovbrøt	33532	30880	28399	25953	27062
Av desse oppklara saker	16137	13997	13229	11674	10766

Tabell 17: Påtaleavgjorde lovbrøt 2018-2022

Kjelde: JUS316

### 4.2. Oppklaringsprosent

Oppklaringsprosenten viser forholdet mellom talet på saker som er avgjorde med ein kode som tel som oppklara, og summen av oppklara og ikkje-oppklara saker. Tida for påtaleavgjerda blir lagd til grunn når ein skal berekne oppklaringsprosenten i STRASAK.

	2018	2019	2020	2021	2022
Lovbrøt totalt	53,8	50,7	51,9	50,7	46,1

Tabell 18: Oppklaringsprosent, lovbrøt 2018-2022

Kjelde: JUS316

### 4.3. Sakshandsamingstid

Sakshandsamingstida til politiet blir rekna frå melding blir registrert i STRASAK, til det ligg føre ei påtaleavgjerd. I det følgjande beskriv vi sakshandsamingstida på oppklara lovbrøt, det vil seie saker som har fått ei positiv påtaleavgjerd eller er lagde bort med ein kode som tel som oppklara. Tala viser gjennomsnittleg sakshandsamingstid i dagar.

	2018	2019	2020	2021	2022
Sakshandsamingstid	129	102	111	103	96

Tabell 19: Sakshandsamingstid, oppklara lovbrøt 2018-2022

Kjelde: JUS316

### 4.4. Restansar

Saker som er eldre enn tre månader omtalast som restansar. For politiet er det viktig at det er ein balanse mellom innkomne (registrerte) og utgåande (ferdig handsama) saker. Om det kjem inn fleire saker enn det som blir gjort ferdig, blir det ei oppsamling av saker hos dei ulike sakshandsamarane. Det fører til at framdrifta i kvar enkelt sak blir meir oppstykkja, granskinga og påtalehandsaminga blir mindre effektiv, og det totale straffesaksproduktet får dårlegare kvalitet.

	2018	2019	2020	2021	2022
Ikkje påtaleavgjorde saker eldre enn 3 månader	3183	3804	2706	2348	2725

Tabell 20: Tal på restansar (saker eldre enn 3 månader), 2018-2021

Kjelde: JUS087abcd/JUS083abc

## 5. Operativ innsats

### 5.1. Responstid

Rask respons kan berge liv, redusere skadeomfang eller bidra til oppklaring av kriminalitet. Det er stilt sentrale krav til responstid for ekstraordinære hendinger, hendinger der liv er direkte truga og/eller der det er behov for rask innsats frå politiet. Responstida blir målt frå når det begynner å ringe ved operasjonssentralen hos politiet til første politieining er på staden.

	Sentralt krav	Resultat
Responstid 80% (>20 000 innbyggjarar)	12	12,1
Responstid 80% (2 000 – 19 999 innbyggjarar)	17	18,8
Responstid 80% (<2 000 innbyggjarar)	30	30,2

Tabell 21: Responstid, sentrale krav og resultat i minutt, 2022.

### 5.2. Aksesstid

Aksesstida måler kor mange samtalar på 112 som er svart på innanfor fristen (20 sekund). Kravet til aksesstid er at ein skal svara minst 95 % av alle 112-samtalar innan fristen på 20 sekund. Operasjonssentralen har svart på 98 % av alle naudsamtalane innan tidskravet som POD har satt.

### 5.3. Operasjonssentralen/Lokal redningsentral (LRS)

Operasjonssentralen har hatt ein auke i talet på anrop på 112. I 2022 var det 83 374 anrop på 112, medan det i 2021 var 81 848. Ikkje alle anrop viser seg å vera reelle naudsamtalar, og blir avslutta etter kort tid.

Det er registrert ein nedgang i talet på anrop til 02800. I 2021 var det 146 699 anrop mot 126 976 i 2022.

### 5.4. Væpna oppdrag

I Vest politidistrikt sin vaktjournal vart det registrert 884 væpna oppdrag i 2022 mot 811 i 2021. Dette inneber ikkje at alle var oppdrag der politiet rykte ut til skarpe situasjonar. Tala inkluderer òg oppdrag der politiet etter ei vurdering vel å væpna seg for eigen eller andre sin sikkerheit i samband med planlagde pågripingar, ransakingar og liknande.

### 5.5. Redningsoppdrag

Politiet sin innsats i redningsoppdrag opptek mykje ressursar. Statistikken på landsbasis, samt erfaringa frå operasjonssentralen tilseier ein auke i talet på redningsoppdrag i vårt distrikt. Hovudredningsentralen har registrert 474 redningsoppdrag i Vest politidistrikt i 2022, 66 fleire enn i 2021. Det er i det geografiske området til Bergen, Askøy og Øygarden det relativt sett skjer flest hendinger.

Ikkje alle redningsoppdrag krev like mykje politiresursar. Ein del blir løyst på operasjonssentralen (LRS), anten ved å gje råd til meldar eller ved å vidareformidle meldingar til andre naudetatar eller frivillige organisasjonar. Nokre oppdrag blir løyst av den/dei fyrste politipatruljen som kjem til staden, mendant andre krev større innsats.


## 5.6. Politibåten

Politibåten er innlemma i beredskapsplanen til Vest politidistrikt, for mellom anna å kunne flytte mannskap/ressursar der det er behov. Politibåten har også i 2022 vore brukt til å flytte kritiske ressursar og innsatspersonell til ulike stader i politidistriktet, samt til samkontrollar med andre etatar/myndigheiter til dømes innan fiskeri- og miljøkriminalitet.

845 båtar vart kontrollert i løpet av året (856 i 2021). Det vart oppretta 14 meldingar for køyring i ruspåverka tilstand (15 i 2021). Det vart skriva 25 forenkla førelegg mot 89 i 2021.

Nedgang i forenkla førelegg heng saman med mellom anna etablering av nye lokale fartssoner (ny forskrift). I samband med ny forskrift har anbefalinga vore å vere restriktiv med å skriva forenkla førelegg, inntil ny skilting er etablert og praksis innarbeida. Den sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa og politidistriktet sitt oppdrag, har også påverka prioriteringa og bruken av politibåten, med resultat i noko lågare kontrollaktivitet i 2022.

## 5.7. Psykiatrioppdrag



Figur 2: Utviklinga for psykiatrioppdrag 2018-2022  
Kjelde: PAL for PO, Forholdets Art=Psykiatri

## 6. Forvaltning

### 6.1. Pass og førarkort

Utskrivne pass	2018	2019	2020	2021	2022
Vest politidistrikt	78 487	81 522	30 594	46 827	107 536

**Tabell 22: Tal på utskrivne pass, 2018-2022**  
Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning

I tillegg er det utskrive 43726 nasjonale ID-kort.

Vegtrafikklova § 34 gjev politiet rett til å tilbakekalla førarkort dersom det er rimeleg grunn til å tru at innehavar av førarkortet ikkje lenger fyll vilkåra for å ha førarkort. Årsaka til at ein ikkje lenger fyll vilkåra kan vere relatert til helse, misbruk av alkohol eller andre rusande eller bedøvande middel, eller at personen ikkje lenger har dei nødvendige kunnskapar eller køyreferdigheiter som ein krev for å ferdast trygt i trafikken.

Gjennom heile året mottek avdelinga for forvaltning bekymringsmeldingar, der det meldast frå om personar som ein meiner ikkje lenger oppfyll vilkåra for å ha førarkort.

Bekymringsmeldingar førarkort	2018	2019	2020	2021	2022
Vest politidistrikt	460	360	487	390	611

**Tabell 23: Tal på bekymringsmeldingar førarkort, 2018-2022**  
Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning

### 6.2. Utlendingsforvaltning

Uttransport av personar utan lovleg opphald	2018	2019	2020	2021	2022
Vest politidistrikt	256	224	243	553	81

**Tabell 24: Tal på uttransportar, 2017-2021**  
Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning

I den operative delen av utlendingsforvaltninga har Vest politidistrikt i 2022 stått for 81 uttransportar av personar utan lovleg opphald, fordelt på 37 ulike nasjonalitetar. 37 % av disse er straffedømde.

Vest politidistrikt har hatt eit desentralisert ansvar for registrering av asylsøklarar frå Ukraina, og politidistriktet registrerte 3392 slike asylsøklarar i løpet av 2022.

## 7. Sivil rettspleie

I 2022 fekk vi **totalt** inn 59 551 saker til behandling hos sivil rettspleie. Dette er ein auke på 3678 saker frå 2021 då vi fekk inn 55 873 saker.

Krav om **utlegg** er størst i volum. I alt kom det inn 46 520 saker i 2022. Dette er ein auke frå 2021, då distriktet fekk inn 41 329 krav om utlegg. Volumet på denne kategorien saker er no om lag slik det var før pandemien. Talet på innkomne saker samsvarer ikkje heilt med at inkassoselskapa varslar at dei ser ein reduksjon i sine saker. Dette kan ha samband med at anten inkassoselskapa har sendt inn mange saker i fjor som har lagt på vent under pandemien, eller at ein større del av krava dei får går vidare til namsmyndigheita. Vi er uroa for 2023 grunna auke i styringsrenta, straum og matprisar.

Vest er det politidistriktet som har hatt høgste restansen, i tillegg til sakshandsamingstid for saker som omhandlar **gjeldsordning**. Sidan starten av 2021 har likevel restansane blitt jamt redusert og ved inngangen til 2023 var Vest nede i 234 saker over 90 dagar. Det har vore ein pågåande prosess i regi av Politidirektoratet for å auke sakshandsamingskapasitet i distrikta, og med verknad frå hausten 2022 har kapasiteten i Vest auka med tilsetjing av 11 midlertidige sakshandsamarar. Det er forventa at dette vil gje ei total nedbygging av restansane i løpet av 2023. Vi har innan gjeldsordning hatt ein reduksjon i talet på søknader på rundt 20 % i 2022.

Når det gjeld sakshandsamingstid på **forlik** var den på 81 dagar i 2022. På dette området er vi på linje med andre i landet. Det var ein reduksjon på 8 % prosent i talet på forliksklagar i 2022.

## 8. Trafikk

I 2022 omkom 10 personar i trafikken i Vest politidistrikt. 7 menn og 3 kvinner omkom. Den yngste var 12 år medan den eldste var 86 år.

Tal på omkomne i trafikken	2018	2019	2020	2021	2022
Vest politidistrikt	16	10	7	8	10

**Tabell 25: Tal på omkomne i trafikken 2018-2021, Vest politidistrikt**  
**Kjelde: Strasak/Trafikk-koordinator i Hordaland og Sogn og Fjordane**

Det vart registrert 359 trafikkulykker med personskade i 2022. Dette er ein nedgang frå 2021 då talet var 425.

Det har vore ein betydeleg auke i talet på saker som gjeld køyring i påverka tilstand det siste året. I 2022 blei det registrert 921 saker, mot 736 i 2021.

## 9. Politiets nettpatrolje Vest

Politiets nettpatrolje Vest driftar kontoane til Vest politidistrikt på Facebook, Instagram og TikTok.

Aktivitet på sosiale media	Facebook		Instagram		Tik Tok	
	2021	2022	2021	2022	2021	2022
Tal på følgjarar	20 675	25 437	12 966	15 382	485 000	739 000
Tal på innlegg	103	96	105	101	86	89
Tal på rekkevidde*	5 505 788	5 562 882	1 512 646	1 076 671	33 513 000	42 532 168

\* Unike og organiske visningar

**Tabell 26: Aktivitet på sosiale medium 2021 og 2022**

Kjelde: Felles eining for førebygging, Nettpatroljen

Tal på meldingar/samtalar på chat	2020	2021	2022
Vest politidistrikt	3256	3932	3101

**Tabell 27: Aktivitet på sosiale medium 2020, 2021 og 2022**

Kjelde: Felles eining for førebygging, Nettpatroljen

### Aldersfordeling på dei som tek direkte kontakt med Politiets nettpatrolje Vest 2020-2022

Alder på dei som sender melding	2020	2021
Ukjent alder	659	850
0-19 år	1094	1611
20-29 år	551	630
30-39 år	405	392
40-49 år	314	254
50-59 år	194	144
60-69 år	49	47
70-79 år	28	15
80-89 år	3	2
Total	3297	3945

**Tabell 28: Aktivitet på sosiale medium 2020 og 2021**

Kjelde: Felles eining for førebygging, Nettpatroljen



I 2022 var det endring i rapportering på aldersgrupper. Disse tala står difor i eigen oversikt.

<b>Alder på dei som sender melding</b>	<b>2022</b>
Ukjent alder	718
Under 18 år	774
18-35 år	1052
36-59 år	546
60 år og eldre	40
Totalt	3130

**Tabell 29: Aktivitet på sosiale medium 2022**

**Kjelde: Felles eining for førebygging, Nettpatroljen**

Etter vår kunnskap auka tal på meldingar i 2021 etter stor vekst og merksemd for vår TikTok-profil. Tal på meldingar har blitt noko redusert i 2022. Vi meiner at dette kan sin bakgrunn i fleire faktorar. Mellom anna har Nettpatroljen hatt noko redusert kapasitet i 2022 og har då stengd chatten (Messenger) i periodar. Nettpatroljen har også i mindre grad oppfordra brukarane til å sende oss meldingar i innlegga vi har publisert.

Av dei som tok direkte kontakt med nettpatroljen i 2022 var det som oftast for å gi tips til politiet eller for å få generelle råd frå politiet. Vi mottek også meir alvorlege meldingar via chat. I 2022 handla desse om vald mot barn/vald i nære relasjonar, seksuallovbrot/overgrep, alvorleg trafikklovbrot og hatkriminalitet.

#### **Omtale av resultat 2022**

Utgitt: Februar 2023

Utgiver: Vest politidistrikt